



forum for  
natur og friluftsliv  
i  
Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
[postmottak.kultur@sfj.no](mailto:postmottak.kultur@sfj.no)

Leikanger 07.10.2015

## **Rullering av handlingsprogram regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (FIF) 2014 – 2017 / Ny planperiode 2016 – 2019.**

Forum for natur og friluftsliv med organisasjonar kjem med innspel til tiltaksdelen, handlingsprogram tiltak:

### **Vedlegg nr.1 Tilrettelegging::**

*4 friluftsråd vert oppretta i perioden, ansvarleg; regionråda + kommunane*

*2014; Etablere friluftsråd i Sunnfjord*

*2015; Etablere Friluftsråd i HAFS, her bør ein legge til Bremanger og Gulen kommunar som eit naturleg kystområde*

*2016; Etablere friluftsråd i Nordfjord*

*2017; Etablere friluftsråd i Sogn*

Det ser no ut til at det vert oppretta friluftsråd i Nordfjord innan 2015 eller i 2016 om arbeidet med dette held fram etter at forprosjektfasen med aktiv leiar er over.

Dei friluftsråda ein såg føre seg etablert i 2014 og 2015 er ikkje etablert, heller ikkje naudsynt arbeid med å få dei etablert, med mogleg unntak i HAFS/Solund ved Solund Kulturlandskapsark ved Anne Kristine Dyrdal.

Vi vil føreslå at måla for etablering av friluftsråd i Sunnfjord, Sogn og HAFS inkl Bremanger og Gulen vert vidareført til nye år i planperioden. Som 2017 i Sunnfjord, 2018 i HAFS inkl Bremanger og Gulen og 2019 i Sogn, der ein legg inn at forprosjekt med tilsetjing av leiar (Nordfjordmodellen) startar minst eit år før i respektive område og at kommunane, fylkeskommunen og friluftsrådene landsforbund framleis står som og er viktige samarbeidspartar. FNF/friviljuge organisasjonar innan friluftsliv er og aktuell samarbeidspart i dette arbeidet.

### **Tilrettelegging, forslag ny tekst:**

2016 – Etablere friluftsråd i Nordfjord – starte forprosjekt for å etablere friluftsråd i Sunnfjord

2017 – Etablere friluftsråd i Sunnfjord – starte forprosjekt for å etablere friluftsråd på kysten i HAFS, Bremanger og Gulen

2018 – Etablere friluftsråd i HAFS, Bremanger og Gulen - starte forprosjekt for å etablere friluftsråd i Sogn

2019 – Etablere friluftsråd i Sogn

Samarbeidspartar – Kommunane, Fylkeskommunen, Friluftsrådene landsforbund, FNF

*Fylkeskommunen gir økonomisk stønad til nasjonale/internasjonale arrangement etter vedtekne retningslinjer – hald fram i 2017-2019*

*Trygt heim for ein 50-lapp frå idrettsarrangement/fysisk aktivitet - held fram i 2017-2019*

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost [sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)

Nettside [www.fnf-nett.no/sognogfjordane](http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane)

**Forslag tillegg ny tekst:**

*Auka friluftaktivitet hos ungdom 16-18 år – Sogn og Fjordane Turlag – 2017-2019 – Sikre vidareføring av satsinga etter evalueringa og erfaringane frå 2014-2016*

*Sikre lett tilgang til turløyper, skiløyper og populære utfartsområde - held fram i 2017-2019*

*Auka fysisk aktivitet hos barn 3-5 år – NJFF Sogn og Fjordane - held fram i 2017-2019*

- Lag og organisasjonar i samarbeid med kommunar og stiftingar – (noke tekst manglar i papirutgåva) Utvikle konsept for «Aktivitetskort/aktivitetsmerke» m.m.. held fram i 2017-2019
- Kommunane – Utvikle konsept for Fjelldagar i grunnskulen m.m. - held fram i 2017-2019

*Auke talet friluftsbarnehagar – Kommunane - etablere 3 nye friluftsbarnehagar - held fram i 2017-2019*

*Innan satsinga aktivt bumiljø er det etablert 30 turvegar og 30 nærmiljøanlegg knytt til nye og eksisterande bumiljø. Det er etablert trygg skuleveg ved 12 skular i fylket – Kommunane - 2016 – 2019 – Ivaretaking av turvegar, snøggvegar og grønareal i nye utbyggingsområde, sikre tilgang til gang og sykkelveg og halde fram aktiv satsing på etablering og merking av nye turvegar og nærmiljøanlegg knytt til bumiljø Vidareutvikle Naturmøteplassar i regi av 4H og andre - held fram i 2017-2019*

*Innan satsinga «Aktivt skulemiljø» er det etablert 12 turvegar og 60 nærmiljøanlegg knytt til nye og eksisterande skular - Vidare satsing på etablering av minst 3 turvegar, nærmiljøanlegg og trygg skuleveg knytt til alle skulane i fylket – sikre nære grønareal knytt til skulane held fram i 2017-2019*

*Innan satsinga «Aktiv ungdom» skal ein sette i gang 26 aktivitetsskapande tiltak retta direkte mot eigenorganisert ungdom – kommunane – Kvar kommune/større tettstad skal sette av og opprette aktivitetssområde for eigenorganisert aktivitet t.d. skatebane/skatepark, slakklinepark, klatrepark, terrengsykkel-/BMXløype, skileik-/railsområde – 2016 – 2019*

*Innan satsinga «Aktiv aldring» er det sett i gang 26 aktivitetsskapande tiltak retta direkte mot eldre – Kommunane - Sette igang å opprette seniorgrupper/-turar, gålag osv i lag og organisasjonar*

*Satsinga på «Bli med» - held fram i 2017-2019*

*Fleire/lengre gang og sykkelveg i regionen – satsinga på i snitt 10 km ny gang/sykkelveg i året og satsinga på sykkelbyer og sykkelstettstader held fram til 2019*

*1 time fysisk aktivitet kvar dag for alle elevar i barneskulen, ungdomsskulen og vidaregåande skule – satsinga held fram og aukar i 2017-2019*

**Tilgang:**

*Alle sentrum har tilgang på turløyper med utgangspunkt i sentrum – Kommunane – merking og gradering av 10 turløyper med utgangspunkt sentrum - held fram i 2017-2019*

*Alle byar og tettstader har tilgang på universelt utforma turløyper og badeplass – Kommunane - held fram i 2017-2019*

*Auke talet friluftslivsleir – Fylkeskommunen og kommunane - held fram i 2017-2019*

*Ungdomar deltek i organisert fysisk aktivitet i eit år lengre enn i dag - held fram i 2017-2019*

Utstyrsbaser (under satsinga «Bli med» for heilt inaktive og for dei litt aktive som vil prøve ein ny aktivitet trengst det ofte dyrt utstyr) – Kommunane + lag og organisasjonar – Alle kommunar har oppretta minst ein utstyrsbase og har samarbeid med utstyrsbaser hos lag og organisasjonar – Fylkeskommunen + t.d. Gjensidige, Sparebankstiftinga  
Utstyr knytt til vintersport; langrennski, telemark og randoneutstyr, til vassport; våtdrakter, redningsvester, klatreseler og hjelmer inkl klatreutstyr, telt og kokeutstyr o.l

### **Kunnskap:**

Arbeid med kartlegging og auka kunnskap held fram med mål om å auke det fysiske aktivitetsnivået i befolkninga 2017-2019

*ASK-studiet* er gjennomført, resultat frå analyse nyttast i tiltak i skulane - held fram i 2017-2019

*Frivillig og offentleg sektor planlegg arbeider for kompetanse- og kunnskapsheving om fysisk aktivitet inkludert effektane av fysisk aktivitet. Kunnskapsnivået er auka innan både frivillig og offentleg sektor – Diverse - held fram i 2017-2019*

- Fylkeskommunen – Friluftsliv er ein obligatorisk del av kroppsøvingsfaget, også kopla til kunnskapsmål i andre fag og fysisk aktivitet i læring (ASK)
- Friluftsliv som valfag i ungdomsskulen og vidaregåande skule
- Friluftslivsliner på vidaregåande skule
- Nyare greiner av eigenorganisert idrett/fysisk aktivitet som t.d. jibbing, freeride, telemark, klatring og skating inkluderast på idrettsliner i vidaregåande skule for dei som ynskjer å satse på dette som toppidrett.

### **Bakgrunn:**

Friluftsliv må lærast som all annan kunnskap og motorisk innlæring. Kreativ motorikk styrker læringsemna (treklatrestudien). Aktivitet gjennom friluftsliv varer ofte livet ut (80 % av befolkninga er aktive innan friluftsliv) og vil vere med å styrke fysisk aktivitet hjå den einskilde med rimeleg og liten offentleg tilrettelegging.

*Skulane bidreg i samarbeid med lag og organisasjonar til at informasjon om aktivitetstilbod er tilgjengeleg for elevane - held fram i 2017-2019*

*Vidareføre informasjon på nettsida om fysisk aktivitet og regional plan - held fram i 2017-2019*

*Det vert etablert rutinar/system som sikrar at (relevante lokale og regionale) natur- og friluftslivsorganisasjonar bidrar med kunnskap om friluftsliv og fysisk aktivitet i smaband med all kommunal og regional planlegging (som kan ha verknad for friluftslivinteressene) – FNF / organisasjonane – Vidareføre styrking av arbeidet - 2017-2019*

*Skaffe fram kunnskap om viktige område for natur og friluftsliv / arenaer for fysisk aktivitet – Fylkeskommunen, Kommunane (friluftsråd om desse er etablert) – Fylkeskommunen, friluftsråd, lag og organisasjonar - held fram i 2017-2019*

Innspelet er basert på dei områda som er mest aktuelle for våre interesser. Tiltak som ikkje er nemnt kan såleis vere like aktuelle for framhald 2017-2019 som dei vi har lista opp spesielt.

Med venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv  
Elisabeth Dahle  
Koordinator

